

Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

24/538-

12. mars 2024

Vedrørende representantforslag 97 S (2023-2024) Om å sikre at norsk kommersielt skogbruk bidreg til å nå måla i naturavtalen

Eg viser til brev av 5. mars 2024 om at Næringskomitéen har til behandling representantforslag 97 S (2023-2024), frå stortingsrepresentantane Rasmus Hansson, Une Bastholm og Lan Marie Nguyen Berg om å sikre at norsk kommersielt skogbruk bidreg til å nå måla i naturavtalen.

Representantforslaget er oversendt til uttale. Forslaget består av 10 delforslag. I det følgande blir representantforslaget omtalt generelt, deretter knyter eg nokre kommentarar til kvart enkelt delforslag.

Det globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfold (Naturavtalen) som vart inngått i desember 2022, legg opp til at landa innan neste partsmøte hausten 2024 skal legge fram nasjonale handlingsplanar for naturmangfold i tråd med naturavtalen og dei globale måla den inneheld. Regjeringa vil følgje opp frå norsk side med å lage ein ny handlingsplan for naturmangfold og legge fram denne som ein melding til for Stortinget. Der vil regjeringa vise kva Noreg vil gjere for å bidra til dei globale måla og som del av dette korleis skogbruket kan bidra til å nå måla.

Regjeringa arbeider med ein meny av tiltak for skog som skal bidra til å halde oppe eller betre den økologiske tilstanden i økosystemet. Saman med klima- og miljøministeren tok eg i haust imot ein felles rapport frå Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet som inneheld eit felles kunnskapsgrunnlag om den økologiske tilstanden i norsk skog og beskriv tiltak og verkemiddel som kan bidra til å oppretthalde eller forbetra den økologiske tilstanden.

Rapporten viser ei positiv utvikling for dei fleste miljøparametrane som direktorata bruker for å beskrive den tilstanden. Dette gjeld mellom anna arealet av biologisk gammal skog, mengda daud ved i skog, innslaget av lauvtre i barskog, store tre og arealet med fleirsjikta skog.

Rapporten er eit godt grunnlag for å vurdere stortingsmeldinga si omtale av bidrag frå norsk skogbruk for å nå dei globale måla. Direktorata greier nå ut tiltak og verkemiddel vidare. Dette vil saman med den leverte rapporten ligge til grunn for regjeringa sitt vidare arbeid. Regjeringa vil etter ei samla vurdering av fordelar og ulemper ta endeleg stilling til kva tiltak som eventuelt skal gjennomførast for å halde oppe eller forbetra den økologiske tilstanden.

Miljøinnsatsen i skogbruket aukar

Skog er eit svært viktig økosystem for norsk naturmangfald. Om lag 60 prosent av dei kjende artane på fastlandet i Noreg er knyta til skog. I skogene finst 13 trua naturtypar, og skog er levestad for 1330 trua artar. Artsdatabanken vurderer at 1132 av desse trua artane påverkast negativt av tidlegare og pågåande arealendringar knyta til skogbruk.

Skogbruket blir i dag drive med basis i eit lov- og regelverk med klar understreking av miljøansvaret til skogbruket, og sertifiseringssistema Norsk PEFC Skogstandard og «Forest Stewardship Council» (FSC).

Eit viktig grunnlag er gode skogressurs- og miljøoversikter på kvar enkelt eigedom. I hovudsak blir dette kunnskapsgrunnlaget skaffa gjennom skogbruksplanlegging med miljøregistreringar. Fordi skogbrukstiltak kan føra til negativ miljøpåverknad, er det gjennom lang tid utvikla ulike miljøomsyn i skogpolitikken, og det er utvikla miljøstandardar for det praktiske skogbruket. Desse omsyna skal saman sikra at ulike livsmiljø i skogen blir tekne vare på over tid.

Eit av dei viktigaste tiltaka for å vareta viktige leveområde for raudlisteartar er kartlegging av livsmiljø og forvaltning av desse som nøkkelbiotopar der det som hovudregel ikkje er hogst eller annan skogskjøtsel. Om lag halvparten av artane på Raudlista er knytt til skog.

Utviklinga av viktige livsmiljø for raudlisteartar blir overvaka i Landsskogtakseringen, og informasjonen blir brukt ved periodevis revisjon av miljøregistreringane. Det er registrert over 150 000 livsmiljø i dei norske skogene.

Skogeigarane har, med basis i livsmiljøregistreringane, frivillig sett til side over 71 000 større og mindre nøkkelbiotopar, i hovudsak som ikkje-hogst-område. Nøkkelbiotoparealet legg beslag på eit anslått ståande tømmervolum på rundt 10 millionar kubikkmeter i hogstklasse 4 og 5 (nær hogstmoden og hogstmoden skog.) Dette utgjer ein tømmerverdi på ca. 5 milliardar kroner (ved sams tømmerpris på kr 500 pr m³). Det gjennomførast tiltak for auka ivaretaking av nøkkelbiotopar, og omfanget av nøkkelbiotopar utanfor verneområde er over 1000 kvadratkilometer. Disseutgjer nå om lag 0,9 prosent av skogarealet.

Kommentarar til dei einskilde forslaga

Forslag 1: *Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med en sak om å gjøre kommersiell skogsdrift i Norge til en aktiv bidragsyter for å oppfylle forpliktelsene i naturavtalen.*

Naturavtala inneheld fleire mål som er relevante for skognæringa. Mål 3, som representantane viser til, gjeld i fyrste rekje dei areala som er verna eller underlagde særskilde bevaringstiltak. I slike område i Norge, til dømes verneområde og nøkkelbiotopar i skog, skal det normalt ikkje drivast skogbruk. Det er derfor andre mål i avtala der skognæringa vil spele ei større rolle. Dette gjeld til dømes mål 10 som handlar om berekraftig forvaltning av areal der det drivast jordbruk, akvakultur, fiskeri og skogbruk.

Regjeringa kjem tilbake til tiltak som kan bidra til dei globale måla i stortingsmeldinga om oppfølging av naturavtalen.

Forslag 2: *Stortinget ber regjeringen, i samråd med skognæringen, gjennomgå Norsk PEFC Skogstandard for å sikre at standardene samlet sikrer bevaring og oppbygging av naturmangfold i skog som drives kommersielt.*

Norsk PEFC Skogstandard er eit privat sertifiseringssystem for skogbruk som er utarbeidd og avtalt mellom skognæringa, miljøorganisasjonar og andre interessentgrupper. Skogstandarden vart sist revidert i 2022, og internasjonalt godkjend i juni 2023. I alt 15 organisasjonar har delteke i revisjonsarbeidet gjennom en arbeidskomité. Styresmaktene har ikkje ei formell rolle i utforminga av standarden, og det er derfor ikkje tenleg at regjeringa skal krevje endring standarden. Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet deltek som observatørar i komitéen.

Forslag 3: *Stortinget ber regjeringen revidere forskrift om berekraftig skogbruk med mål om at forskriften på selvstendig grunnlag stiller alle nødvendige hovedkrav til miljøhensyn som forventes av skogbruket, og at forskriften eksplisitt legger til rette for straffeforfølgelse av grove brudd.*

Ved handsaminga av gjeldande skogbrukslov vart det understreka av Stortinget (Innst O. nr. 61 (2004-2005)) at ei forskrift måtte utformast slik at ho sikrar nødvendige minstekrav utan å svekke den motivasjon næringa har for frivillige miljøomsyn, og heller ikkje fører med seg byråkrati og skaper uklåre rammer for næringa. Det vart lagd til grunn at dei som er tilslutta sertifiseringsordningane ville tilfredsstille dei krav som vert sett i lova, og som ville følgje av den komande forskrifta (Ot. prp. nr. 28 (2004-2005)).

Forskrift om berekraftig skogbruk inneholder minstekrav til skogbruksverksemda. Dette gjeld til dømes konkrete krav om å ivareta verdiane i viktige livsmiljø og nøkkelbiotopar, om lukka hogstformar, innblanding av lauvtre, utbetring av køyreskadar, sparing av livlaupstre, rydding av kvist frå turstiar o.a.

Som forslagsstillarane viser til er det to tilvisingar til norsk PEFC skogstandard i forskrifta. Dette er krav der standarden djupar ut og detaljbeskriv dei krava som er sett i forskrifta. Til sammen gjer dette det tydeleg kva for krav som gjeld. Slik tidlegare Landbruks- og matminister Sandra Borch har svara Stortinget på spørsmål 2379 (2021-2022), vil departementet sjå nærmare på ordlyden i berekraftforskrifta § 5 første ledd ved ein seinare revisjon av forskrifta.

Straffeheimelen i skogbrukslova § 22 legg til rette for straffeforfølging av grove brot på lova med forskrifter.

Forslag 4: *Stortinget ber regjeringen gjennomgå tilskuddsordningene under verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket og Landbrukets utviklingsfond (LUF), med mål om å fase ut subsidier til skogbruk som bidrar til svekket naturtilstand i produksjonsskog, herunder tilskudd til drift i vanskelig terren, tilskudd til skogsbilveier, tilskudd til tettere planting og tilskudd til gjødsling.*

Stortinget har ved fleire høve streka under at skogressursane og ei berekraftig forvaltning av desse er eit sentralt element i det grøne skiftet. Dei tilskotsordningane som representantane peiker på er viktige reiskap i regjeringa sitt arbeid for å nå desse måla.

Forslag 5: *Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å ta inn en generell meldeplikt for hogst i skogbrukslova § 11.*

I dag tek skogeigarane miljøomsyn utan erstatning som mellom anna, som nemnt ovanfor, omfattar utlegging av område som nøkkelbiotopar der skogen som regel ikkje blir hoggen. Det er også utvikla overvakingsopplegg for å sikra at nøkkelbiotopane blir forvalta i samsvar med regelverk og sertifikatkrav.

Det meste av skogarealet som er aktuelt for skogsdrift er etter kvart omfatta av skogbruksplanar med miljøregistreringar, og både offentleg og privat regelverk krev at skogeigar skal ha kunnskap om miljøkvalitetane i området før det kan gjennomførast ulike skogtiltak. Skogsektoren sørger for at sertifikatsistema blir følgd og offentlege styresmakter gjennomfører både stikkprøvekontrollar, etterkontroll knytt til søknader om løyve eller tilskot og overvakar også skogtilstanden gjennom Landsskogtakseringen. Resultata av dette kontrollarbeidet syner at skogbruket tek miljøomsyn i samband med hogst.

Det blir utført om lag 14000 hogstar i året i Noreg. Forslaget om ei generell meldeplikt for hogst vil derfor føre med seg økonomiske og administrative konsekvensar både for kommunane og for skogeigarane.

Forslag 6: *Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en endring i skogbrukslova § 11 som gjør det uttrykkelig at alle kommuner står fritt til å innføre meldeplikt på hogst og andre skogbruksstiltak på de arealer og for de formål kommunen selv ønsker.*

Skogbrukslova §11 gir kommunen eller anna skogbruksstyremakt heimel til gjere vedtak om at skogeigarar skal ha plikt til å melde inn planar om hogst og tiltak knytt til forynging og stell av skog, når dette er naudsynt for å halde kontroll med at lova blir følgt. Denne meldeplikta kan gjelde ein eller fleire skogeigarar i heile eller delar av kommunen.

Forslag 7: Stortinget ber regjeringen forskriftsfeste et forbud mot hogst i hekketiden.

Årleg blir ca. 0,5-0,6 % av det produktive skogarealet i Noreg hogd. For dei fleste livskraftige fuglearter som hekker i skog utgjer dette ikkje nokon trussel. Av dei fugleartene som er oppført som kritisk truga, svært truga eller sårbare på raudlista, er det 15 som har skog som sitt hovudhabitat. Av desse er det eit fåtal som blir påverka negativt av skogbruk.

Norsk PEFC skogstandard inneheld konkrete krav til dei omsyna som skal tas til hekkande fugl: «*I hekketiden (normalt perioden mai, juni og juli) skal skogsdrift i skog av spesiell betydning for fuglelivet unngås, såfremt det ikke er nødvendig for å komme til bakenforliggende skog.*» Det er angjeve særskild kva for skogtypar dette gjeld.

Forslag 8: Stortinget ber regjeringen forskriftsfeste et forbud mot hogst og andre skogbruksstiltak i hekketiden i skog med høy tetthet av hekkende fugl.

Sjå kommentarane til forslag 7.

Forslag 9: Stortinget ber regjeringen legge til grunn at skogarealer eid av Statskog SF som er aktuelle for vern, skal vernes vederlagsfritt.

Statskog SF er eit statsføretak som er heileiggd av staten. Føretaket er eit sjølvstendig rettssubjekt, med same pliktar rettar og som eit privat eigd selskap.

Statens eigarpolitikk, som Stortinget har slutta seg til, har som prinsipp at statleg eide selskap verken skal ha fordelar eller ulemper samanlikna med selskap utan statleg eigarskap. Dette prinsippet gjeld også for Statskog SF.

Forslag 10: Stortinget ber regjeringen redusere utbyttet fra Statskog SF i år der selskapet verner nytt skogareal.

Utbytepolitikken i Statskog SF er at 75 pst. av årsresultatet etter skatt går til utbytte til eigar. Om skogvern førar til svekka resultat i Statskog SF blir utbyttet minska tilsvarende.

Med helsing



Geir Pollestad

Kopi
Hilde Markhus
Næringskomiteen